

# OSTERØY KOMMUNE

## RETNINGSLINER FOR BRUK OG FORVALTNING AV OSTERØY KOMMUNE SITT NÆRINGSFOND

### § 1. Formål

Fondet bør i hovudsak nyttast til utviklingstiltak, forprosjekt, samarbeidstiltak og liknande fornyetableringar og for vidareutvikling av næringstiltak.

Det kan ikkje gjevast tilskot til sanering av gjeld, eller til den daglege drifta av private eller kommunale verksemder. Det skal som hovudregel heller ikkje gjevast tilskot til verksemd som mottek vesentlege overføringar over statsbudsjettet.

### § 2. Tilførsel av midlar

Næringsfondet kan og tilførast midlar gjennom løyvingar frå heradsstyret, og ved overføringar frå stat eller fylke. Avkastninga og kapitalen skal disponerast i samsvar med §§ 3 og 4.

### § 3. Former for støtte

Støtte frå fondet kan gjevast som lån eller tilskot. Midlane kan ikkje nyttast til garantiar eller kommunal aksjetekning i private verksemder.

### § 4. Forvaltning av fondet

Formannskapet forvaltar fondet.

Ordføraren eller rådmannen kan elles krevja saker/vedtak lagt fram for heradsstyret dersom han/ho meiner det er gjort formelle feil ved sakshandsaminga, eller dei finn at vedtaket er i strid med gjeldande vedtak gjort av overordna organ eller når andre særlege grunnar tilseier det.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Rentene skal tilførast fondet.

### § 5. Rekneskap og årsmelding

Rekneskapen vert ført av økonomikontoret i Osterøy på vanleg måte som ein del av kommune-rekneskapen.

Heradsstyret skal kvart år handsama årsmelding og rekneskap, og elles vurderer bruken av midlane i næringsfondet.

Vedteke i heradsstyret 11.04.2018